



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Søknad etter forureiningslova frå BKK Nett AS om sprenging av 250 m<sup>3</sup> fjell i sjø på Mongstad. Etablering av kabelgrøft for nytt overføringsnett. Ber om uttale til søknad innan 22. mars 2019.

BKK Nett AS skal etablere nytt høgspenst overføringsnett over Fensfjorden og treng å sprengje kabelgrøft i strandsona der kablane vert ilandført på Mongstad. Eigedomen er gnr. 127/ bnr. 100 i Lindås kommune. Grøfta er angjeve til 450 m<sup>2</sup> og mengde massar til 250 m<sup>3</sup> / 600 tonn. Arbeidet skal utførast frå lekter. Dei utsprenge massane skal disponerast på området Equinor disponerer for lagring av stein. Anleggsperiode er mars – mai 2019.

Tiltaket krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22 - 6 . Fylkesmannen gjev løyve med vilkår for anleggsutføringa, for å redusere risiko for forureining og/eller skade på marint liv.

Miljørisiko for sprenging i sjø er knytt til at trykkbølger frå sprenginga kan negativ effekt på marint liv. Norconsult har vurdert risiko for kjende fiskeinteresser i nærleiken og har foreslått ulike avbøtande tiltak for anleggsutføringa, sjå Norconsults rapport punkt 8.

Fylkesmannen ber om uttale frå Lindås kommune. Me ber Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget Vest om vurdere tiltaka ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Fylkesmannen ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 22. mars 2019. Uttaler kan sendast til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no).

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Søknad frå BKK Nett AS, datert 19. februar 2019, med 2 vedlegg



Kopi til:  
BKK Nett AS  
Norconsult AS

Mottakerliste med vedlegg:  
Lindås kommune  
Fiskeridirektoratet region vest  
Fiskarlaget Vest